

Saksnr: 2019/91-1  
Saksbehandlar: Ingrid Holm Svendsen

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet		26.11.2019
Fylkesutvalet		03.12.2019

## Arbeidsreglement for tilsette i Vestland fylkeskommune

#### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet stiller seg bak forslaget til arbeidsreglement for tilsette i Vestland fylkeskommune, slik det er omtalt i saksframlegget.

#### Samandrag

Etter arbeidsmiljølova (aml.) § 14-16 skal det liggja føre eit arbeidsreglement for arbeidstakarane. Reglementet skal innehalde ordensreglar og reglar for tilsettingsforholdet. Reglementet skal bidra til gode og føreseielege arbeidsvilkår for alle arbeidstakarar i Vestland fylkeskommune. Arbeidsreglementet regulerer tilhøve mellom arbeidsjevar og arbeidstakarane, og set rammer for arbeidsavtalen mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar. Arbeidsreglementet gjeld for alle arbeidstakarar tilsett i faste eller mellombelse stillingar i fylkeskommunen, jf. hovudtariffavtalen (HTA) kapittel 1, § 1.

Føresegnerne i reglementet gjeld så lenge dei ikkje er i strid med lover, tariffavtale og andre føreseigner som er bindande for fylkeskommunen. Reglementet gjeld også for innleigd personell så langt det passar.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

Ingrid Holm Svendsen  
påtroppande fylkesdirektør for  
organisasjon og økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.*

Vedlegg  
1 Forslag til arbeidsreglement

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Etter arbeidsmiljølova (aml.) § 14-16 skal det liggja føre eit arbeidsreglement for arbeidstakarane.

Reglementet skal innehalde ordensreglar og reglar for tilsettingsforholdet.

Reglementet skal bidra til gode og føreseielege arbeidsvilkår for alle arbeidstakarar i Vestland fylkeskommune. Arbeidsreglementet regulerer tilhøve mellom arbeidsjevar og arbeidstakarane, og set rammer for arbeidsavtalen mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar.

Arbeidsreglementet gjeld for alle arbeidstakarar tilsett i faste eller mellombelse stillinger i fylkeskommunen, jf. hovudtariffavtalen (HTA) kapittel 1, § 1.

Føresegner i reglementet gjeld så lenge dei ikkje er i strid med lover, tariffavtale og andre føreseigner som er bindande for fylkeskommunen. Reglementet gjeld også for innleigd personell så langt det passar.

### Vedtakskompetanse

I reglement for folkevalde organ og delegering, vedteke på fylkestinget 15.oktober 2019, heiter det at administrasjonsutvalet skal tilrå i saker som gjeld reglement for tilsette i fylkeskommunen.

Tilrådinga går vidare til fylkesutvalet som gjer endeleg vedtak.

### Forslag til arbeidsreglement

Prosjektleiar viser til vedlegg i saka for nærmere omtale av forslaget til arbeidsreglement for tilsette i Vestland fylkeskommune.

### Drøfting med hovudtillitsvalde og handsaming i partssamansett utval

Prosjektleiar la fram forslag til arbeidsreglement på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde i dei to fylkeskommunane, 05.06.19. Merknader og forslag til endringar i møtet vart innarbeidd i forslaget til arbeidsreglement som vidare vart lagt fram for partssamansett utval i samanslåningsprosessen, 11.juni 2019. Det vart gjort slikt vedtak;

*«Partssamansett utval stiller seg bak forslaget til arbeidsreglement for tilsette i Vestland fylkeskommune, slik det er omtalt i saksframlegget.»*

### Konklusjon

Prosjektleiar tilrår at fylkesutvalet vedtek det framlagte forslaget til arbeidsreglement for tilsette i Vestland fylkeskommune.